

Delegeringsreglement

Reglement for arbeidsdeling og delegering i høve samarbeidsavtale for Sognarådet interkommunalt politisk råd - Sognarådet IPR.

Sognarådet interkommunalt politisk råd er oppretta med heimel i kommunelova kap 18. Deltakarar er kommunane: Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sognatinget

Sognatinget er representantskap, samansett av formannskapa, og øverste organ for Sognarådet IPR.

Representantskapet handsamar og tek avgjerd i følgjande saker:

- Årsbudsjett
- Handlingsplan
- Rekneskap
- Årsmelding
- Strategiplan
- Val av leiar og nestleiar
- Oppnemning av underutval

Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet (AU) er samansett av ordførarane i medlemskommunane.

Arbeidsutvalet får delegert mynde og oppgåver slik:

- Førebur og tilrår saker for Sognatinget.

Arbeidsutvalet handsamar og tek avgjerd i følgjande saker:

- Fråsegner på vegne av kommunane.
- Regulering av årsbudsjettet innanfor tilgjengeleg budsjetttramme.
- Kjøp av tenester innanfor tilgjengeleg budsjetttramme.
- Tilskot i samsvar med Sognarådet sin regionalplan og innanfor tilgjengeleg budsjetttramme.
- Initiere og gjennomføra felles prosjekt og utgreiingar.
- Etablere arbeidsgrupper som drøftar og førebur saker til AU og samarbeider for å påverke avgjerdstakar innanfor sitt område.
- Avtale drift av sekretariatet med arbeidsgjevar- og kontorkommune.
- Avtale med samarbeidspartar og eksterne aktørar.

Sekretariatet

Rådet kan kjøpe sekretariathjelp som står for den daglege drifta innanfor dei rammene som er fastsett av Sognarådet IPR, representantskap og arbeidsutval.

Sekretariatet

- skal stå for praktisk arbeid etter vedtak i rådet
- utgreier saker og legg tilråding fram for arbeidsutvalet
- er ansvarleg for den løpande drifta
- skal syte for å halde kommunar og rådsmedlemmer orienterte om verksemda i rådet
- har fullmakt til å disponera inntil kr 75 000 til enkeltoppdrag og rapporterer til arbeidsutvalet sitt neste møte

Sognarådet IPR kan òg be om hjelp frå medlemskommunane i høve sekretariatet sine oppgåver.

Utøving av delegert mynde

Delegert mynde skal utøvast i samsvar med Sognatinget sine intensjonar.

All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gjeve av overordna organ, og innanfor godkjende budsjettammer og føresetnader.

Overordna organ kan tilbakekalle delegert mynde, kan gje vidare instruksar for handsaminga, eller kan overprøve det organet dei har gitt mynde til.

Vedteke i Sognatinget 30. april 2024